


denne sitt utslag i den spirituelle tale han holdt for fødselsdagsbarnet og som konkluderte med hans gode ønsker og en sjekk på ti tusen kroner til en hytte i Fongentraktene.

De veldige ovasjoner fra de hundreder av fjellfolk kunne ikke tydeligere markere den posisjon vårt æresmedlem har innen våre rekker.

Vi tar det som et godt tegn, både for Carl Schulz og for hans kjære forening at sesongen 1941 viste rekord såvel for besøket på hyttene som for medlemstallets vedkommende.

På 90-årsdagen ble han hyldet på det hjerteligste av foreningens formann, advokat Tharum, og Carl Schulz kan være forvisset om at hans tallrike kjente og ukjente beundrere blandt fjellvandlerne slutter opp om hyldesten og ønskene om ennu mange lykkelige år.

Fridthjov Brun



Ved Tovatn.

Fot. J. Johansen.

Vangrøftdalen set gjennom stemningsbrillene

Av Leiv Nutheim

Augustsola skin god og varm over vidda. Fjella løfter seg kringom i tunn blådis, og dalen ligg nedunder mett og grønskimrande på botnen av dette hav av blå, mild fjell-luft.

Svartgrøn står skoglien i landskapet. Graskåsene tøyggjer seg som ljøsgrøne, striper oppetter, opnar seg imillom til større sletter, der setervollane ligg i lidene i rad og klynge. Elvane svingar seg som smale, blåe band etter dalbotnen, og her og der stuper småe fjellbekker seg ut i dette bandet med nytt tilfang til større makt.


Dalsidene tykkjest meg som veggmåleri i ei stor østerdalsk fjellstugu. Storvoldlia med setrene på vestre veggen og Brøttet med Mastukåslia nord til Falken på austre veggen. Dalen saknar ein Tidemand til å feste dette seterbiløtet på lerretet.

Vakkert er det. Det er stassomarstugu åt dølen; for i august er det hus under kvar busk.

Såtebreid stikk Kløftåstangen seg nordfrå midt fram i Vangrøftdalsgapet. Det er jussom sjølve storkua som ber Vangrøftdalsbjølla, det. Og flesk er det i svangane på denne bjøllekua. Og på kor si side av baklårskinkene ligg Sättehaugsetrene og Falksetrene. Her over Kløftåsen går den gamle ferdesvegen nordover frammed «Pengeskrinet» over Kløftåstangen, Forellsjøryene og nedunder Forellshogna.

Her inst inne på denne nordøsterdalske fjellflåggåen har Vårherre set ned denne høge steinstolpen, Forellhogna, midt i skilelina millom Nord-Østerdal og Trøndelag. 1350 m høg og ruvsam står den der og speglar den spisse toppen sin i Forellsjøen som ligg nedunder og skvalar og vaskar strandsteinane der den gamle ferdesvegen svingar framom.

Den som kunde sjå det som denne Hogna har set gjennom tidene!



Hesjedalen.

Fot. Brødr. Ryen.

Ikkje berre Budalsbamsen som stupte for ei real norsk blykule — jegeren som gjekk etter fjellrypeflokken — villreinskyttaren Embret Trøom som med veidemannskløkt og varsemnd dag etter dag stilte inn på villreinhopen oppe i høgdene og fram mot kvelden kom trissande med bukken på ryggen framover mot Gammelbua ved Forellsjøen — lystrefiskaren som i haustmørket gjorde storfangst i Mulebekken og Bubekken — garnfiskaren som låg der med båten sin på fjortendagsferie og kom heimatt å bygda med fulle fiskestampar — kløvjehestane som åla seg fram etter fjellstigen her nordfrå og sørfrå og ferdeskarane som tok nattekvila si her attmed sjøen.

Tenk om vi no i denne rasjoneringstida kunde fått gløtte litt på budøra åt 'n Embret! Han hadde det sikkert kosleg som ein ekte fjellets frikar når steika braste i panna og dei sterke tannkjakane hans tog hardt flatbrød med smør og med pålegg av fersk, kokt fjellaure frå Forellsjøen. Og om fjellvinden kaldula kring steinbunova — kva brydde 'n Embret seg om det? Han hadde sitt paradys på bubrisken, han, og drømte søtt og sølt om nye eventyr i fjellet.

Eller seterkulla som går i fjellet og hemtar i spannet sitt når molta står gul på floene. Ho reknar ikkje på ein dag held to, den megga. Og når tredallen er vel full, gjev ho seg sjølv ein god tallerk (tallerk) med rømme på molta og tykkjer visst ho har det bra, ho og. Som ho har au, den tøtta. Er det ikkje mest som du kunde ha hug på å bli kjærasten hennes?

Vårherre har og sett ned ein fjellbolk som liver Vangrøftdalen for vestanveret. Det er Tverrfjellet. Og Tverrfjellet er liksom skilet mot Kviknedølen sitt fjellrike — med små fiskerike kjønner og bekker. Har du hørt segna om stortjuven ved Y-a som frå «Tjohaldet» sitt gjorde tjufjerder på setrom ikringom og stal budrått. Han levde eitslags herremannsliv, han og, til fjellbøndene måtte væpne seg og opp i fjellet og hekte'n.

Annakvar somar var det livet i marksslåtten som la sin sjarm over Vangrøftdalen. Når det krydde av slåttefolk i kvar kås, kvart myrsund like opp i fjellet. Onnugt strev, gant og leven og moro. Og når hausten kom, var heile Vangrøftdalen barbert for gras med fulle høyløer, stakk og kuv i mengdevis.

Og så etterpå turen inn i fjellet med moseharke og kolfat på ryggen — i allslags skiftande haustver.

Når så vinteren er komen og snøen har jamna ut over alt og kulden har frostlagt alle sjøer, kjønner og myrer, var det dølen med hesten og kjøreoksen som måtte ta kjøringa i vinterkalde og snøfokk for å få alt dette heim på garden. Det var hardtak og blodslit stundom. Hugs han Håkkå som frå Håkkårabben gjorde siste ferda si i fjellet og ikkje fanns att før om våren framme i Hognafjellet.

Men dette er liksom berre dødsgrinet åt den nord-østerdalske fjellvinteren, det. Den har sitt opne, strålende solsmil og — slik som Dovrevinteren stundom kan syne deg det, når solstrålane trør glitterdansen sin over den snøkvite vidda. Da ser du solvinterstugu åt Dovrekongen, og denne stasstugu glømmar du aldri, kor gamal du vert. Det er slike reine fargar og liner — ingen sulk eller lortfleck. Kvit og skinande rein ligg vidda med den opne vinterfammen sin i jamne bårande rundingar frå hø til hø. Ein einsleg hest med eit moselass kjem nedetter fjellet, og kjøraren går etter med svepstaven og hugen full av andakt for dette friske herlege synet. Ein slik soldag strår solgull i fjellbondens hug. Den lokkar fram smilet og varmen og set liksom små, fine kantborder på kjenslevet hans. Og helsebota syp han i seg litervis, og augo flakkar kjøelne og undrande frå høgd til høgd. Han tykkjer sikkert, at

kledd i slikt eit staslegt lin
det er no berre heimen min —
og sjølv om stormen slit og kvin
snart sola bort i høgdsmid.

Men no vil synet mitt og hugen min attende til augustdraumen. Synet fylgjer alle dei gamle kjende stigane i bakkar og berg, over elvevad og mosegrå ry. Farne ætter har trakka stigane opp. Alder og ungdom — faren tid og nytid har skiftes åt med det, og vegen vi ferdes idag, står der som eit merke eller mælestav for pågangsmotet i kvar ny ætt som har vakse opp.

Kvar tidbolck lever att i minnet med sine sermerkte hendingar — i segner — i synlege merke — og i tidfeste minne. Og dalen og fjellet legg enno den sterke og hugtakande fargemystikken sin

over det. Kløvjevegen framover dalen frå Hogna gror smått om senn att. Men i våre hugsyner ser vi enno kløvhestane koma ruggande etter stigen med vintermaten åt fjellbygda — salrygga av den tunge bora. Og ferdeskaren trår stigen føre med piggstaven tenksam: Vil overslaget han har gjort for vinteren, halde? Har han rekna rett eller gale? Det einaste han veit med visse er at mest alle setlane han hadde spard og grunka i hop, gjekk åt kjøpmannen i Trondheim. Og så blir det å gå fjellbygdvinteren i møte med vona og trua til Vårherre at han hjelper som før, så alt lagar seg. «No har eg gjort mitt, og så fær du greie resten».

Fjellet har alle tider møtt bonden med både godt og vondt. Når vondgufsen frå fjellet kjem, tek dølen sauskinnsmudden og hanskane på og vernar seg med det. Men når fjellet dryp av godhug og velvilje og solsmilet ligg der breidt frå nut til ytste nipe, da opnar dølen både vesteknappen og skjorta og tek mot solkyssen med opent bringefang.

Fjellet har styrkt hardhugen hans til pågang, men og gjort han varnæm for det fine og varme i kjenslevet og tankegang. Kanskje han hadde sine beste gledestunder på ei seter i Vangrøftdalen. Og når han somna inn til siste kvila, var det kanskje filmen frå fjelllivet, slåttelivet og seterlivet som med sine strålende og skiftande synsbilæte gleid over lerretet og lokka fram det siste smilet hans.

Leiv Nutheim